



Reigstad Bygg og Eigedom AS
Osterfjordvegen 124
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/6755 - 15/24959

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

14.07.2015

Trong for tilleggsopplysningar - tilbygg/påbygg einebustad - gbnr. 134/132 - Vindkallen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 15.06.15.

Saka gjeld søknad om løyve til riving av delar av eksisterande bustad samt oppføring av tilbygg/påbygg med samla bruksareal (BRA), inkl. parkering, opplyst til å vere ca. 233,5 m², areal som skal rivast er opplyst til å vere 33 m² BRA. Utnyttingsgrad er opplyst til å være 20,9 %-BRA (i høve tomtestorleik på gbnr. 134/132).

Ved gjennomgang av søknaden finn vi at følgjande gjenbuareigedomar ikkje er varsla med omsyn til tiltaket: Gnr. 134 og følgjande bnr.: 140, 166, 167, 177, 178, 288, 314, 361. Vedlagt ligg liste.

Vi viser og til telefon 06.07.15 med Håkon Reigstad, der det vart orientert om at delar av terrasse/veranda mot sør-vest er prosjektert utanfor regulert byggegrense i gjeldande plan.

Det vart og informert om at siden det i søknaden er søkt om unntak frå byggtekniske krav så har søknaden 12-vekers sakshandsamingsfrist.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Heimelshavarar av følgjande eigedomar Gnr. 134 og følgjande bnr.: 140, 166, 167, 177, 178, 288, 314, 361, må varslast om tiltaket jf. pbl § 21-3, 2.ledd 2.punktum. Nemnde er gjenbuarar i høve tiltaket og er ikkje varsla. Gjenbuareigedom er eigedom der veg, gate, elv eller anna areal ligg i mellom jf. <http://dibk.no/no/Tema/Soknader/Soknader-veiledningsstoff/Nabovarsel/>.

De kan nytte vedlagt liste med omsyn til varsling.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 09.09.15. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

gbnr 134_132 nabo og gjenbuar liste

Kopi til:

Kristoffer Glatved-Prahl Lunde Vardane 13 5911 ALVERSUND

Mottakarar:

Reigstad Bygg og Eigedom AS Osterfjordvegen 124 5914 ISDALSTØ